FOLKEHELSEINSTITUTTET

Folkehelseundersøkinga i Rogaland 2026

Spørjeskjema til innbyggjarar i Rogaland som handlar om helse, trivsel og nærmiljø.

> Her ser du alle spørsmåla i spørjeskjemaet, i den rekkjefølgja du får dei.
>
> Nokre spørsmål får du berre dersom du har svart på ein bestemt måte på eit spørsmål før. Det står då over spørsmålet, til dømes «Visast dersom du svarte «Ja» på spørsmål 3». Spørsmål utan ein slik merknad får alle.
>
> Sjølve skjemaet fyller du ut på helsenorge.no. Dette dokumentet er berre til informasjon og skal ikkje sendast inn.

Vil du delta i Folkehelseundersøkinga i Rogaland?

Du er invitert til å delta i Folkehelseundersøkinga i Rogaland 2026. Føremålet med undersøkinga er å få meir kunnskap om helse, trivsel og livskvalitet i fylket. FHI er ansvarleg for undersøkinga og samarbeidar med Rogaland fylkeskommune.

Om du vel å delta, svarer du på eit spørjeskjema om helse, nærmiljø, trivsel og livskvalitet. Vi samlar også inn namn, fødselsnummer og kontaktinformasjon. Det er heilt frivillig å vere med, og du kan be om å få opplysningane dine sletta når som helst.

Svara dine kan bli brukt i forsking og bli kopla med data frå register. Opplysningane dine blir lagra utan tidsavgrensing.

Du kan lese meir om personvern og korleis vi bruker opplysningane dine lenger ned på denne sida.

Samtykke

Vel eitt svar

- ◯ Ja, eg ønsker å delta
- ◯ Nei, eg ønsker ikkje å delta

↳ Visast dersom du svarte «Ja, eg ønsker å delta» på spørsmålet «Samtykke»

Samtykker du til å delta, trykk «**Neste**» nedst på sida. Då kjem du vidare til undersøkinga.

↳ Visast dersom du svarte «Nei, eg ønsker ikkje å delta» på spørsmålet «Samtykke»

Ønsker du ikkje å delta, trykkjer du «**Send inn**»-knappen nedst på sida.

Meir om personvern

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Du er tilfeldig trekt frå Folkeregisteret. Vi har henta kontaktinformasjonen din frå Kontakt- og reservasjonsregisteret (KRR), med heimel i lov om folkeregistrering §§ 10-1 og 10-2.

Behandlingsansvar og utsending gjennom Helsenorge

Folkehelseinstituttet (FHI) er ansvarleg for Folkehelseundersøkinga i Rogaland. Norsk helsenett er ansvarleg for behandlinga som skjer i Helsenorge sine system.

Når du har sendt inn spørjeskjemaet, får du ein kopi av svara i innboksen på Helsenorge. Berre du – og personar du eventuelt har gitt fullmakt – kan sjå denne kopien. Fastlegen din eller anna helsepersonell har ikkje tilgang. Du kan slette kopien frå Helsenorge når som helst. Dette påverkar ikkje opplysningane som blir lagra hos FHI. Om du ønsker å bli sletta frå folkehelseundersøkinga hos FHI, må du kontakte oss direkte.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i Folkehelseundersøkinga. Det får ingen negative følger om du takkar nei, eller seinare ber om å få opplysningane dine sletta.

Kva inneber det for deg å delta?

Du svarer på eit skjema om helse, helseåtferd, nærmiljø, trivsel og livskvalitet. Dette tek omtrent 15–20 minutt. Vi lagrar tidspunktet du svarte, kva språk du brukte og om du har samtykt (eller ikkje).

Fylkeskommunen og bustadkommunen din kan få tilgang til indirekte identifiserbare opplysningar for analysar. Direkte kjenneteikn som namn eller fødselsnummer blir fjerna før data blir sende over. Analysemiljø innan offentleg plan- og kartlegging kan også søke om slike data.

Etter søknad kan dei indirekte identifiserbare opplysningane dine også delast med forskingsprosjekt, studentprosjekt, fylkeskommunar, kommunar eller liknande. Når nokon søker om tilgang til svara dine, kan desse bli kopla med informasjon frå ulike register, t.d. helseregister, register hos Statistisk sentralbyrå, andre helseundersøkingar og folkehelseundersøkingar. Dette gir betre kunnskap om helse og levevanar i befolkninga. Ingen kan kjenne deg igjen i det som blir publisert.

Du får ikkje individuell tilbakemelding på svara dine, men du kan sjå korleis resultata frå undersøkingane blir brukte på nettsidene våre: https://www.fhi.no/hs/folkehelseundersokelsene-i-fylkene/

Du kan bli kontakta seinare og spurd om å delta i nye undersøkingar eller andre former for datainnsamling. Det er heilt frivillig om du vil bli med eller ikkje.

Kva gir oss rett til å behandle opplysningane dine?

Vi behandlar opplysningane dine for å bidra til kunnskap som er nyttig for samfunnet. Vi følger reglar om personvern. Lovleg grunnlag er GDPR artikkel 6 nr. 1 bokstav e og artikkel 9 nr. 2 bokstav j, jf. folkehelselova § 25 og forskrift om oversikt over folkehelsa § 7.

Rettane dine

Så lenge FHI behandlar personopplysningar om deg, har du rett til:

- Å be om innsyn i kva opplysningar vi har om deg
- Å be om at opplysningane blir retta eller sletta
- Å protestere mot korleis vi bruker opplysningane dine

Om du kontaktar oss om rettane dine, vil vi svare deg innan ein månad.

Du kan også klage til Datatilsynet om du meiner vi behandlar opplysningane dine feil.

Slik oppbevarer og bruker vi opplysningane dine

Korleis blir opplysningane dine lagra og brukt?

FHI lagrar opplysningane på ein trygg måte:

- I éin database lagrar vi namn, kontaktinformasjon og fødselsnummer.
- I ein annan database blir svara dine frå spørjeskjema lagra.

Tilgangen til databasane er strengt regulert. Berre eit fåtal tilsette i FHI har tilgang til begge databasane, og desse har teieplikt.

Vidare bruk av svara dine

Når forskarar eller andre søker om tilgang til svara dine, blir namn og fødselsnummer fjerna. Opplysningane kan likevel vere indirekte identifiserande.

Viss svara dine skal koplast med andre register, til dømes helseregister, blir det brukt ein koplingsnøkkel. Då blir fødselsnummeret ditt byta ut med ein deltakar-ID. Dei som får utlevert opplysningar, ser berre denne ID-en.

Kor lenge lagrar vi opplysningane dine?

Formålet med Folkehelseundersøkingane er å følge utviklinga i helse og levekår over tid. Derfor lagrar vi opplysningane dine utan tidsavgrensing. Dette gjer det mogleg å bruke dei i framtidig forsking og i planlegging av tiltak for betre folkehelse.

Du kan når som helst be om at opplysningane dine blir sletta.

Kontaktinformasjon

Om du har spørsmål eller vil bruke rettane dine, kan du kontakte oss på fhus-deltaker@fhi.no.

Om du har spørsmål om personvernet eller om rettane dine, kan du også kontakte personvernombodet ved FHI på personvernombud@fhi.no.

> **Resten av skjemaet får du dersom du svarte «Ja, eg ønsker å delta» på spørsmålet «Samtykke».**

Nærmiljøet, kommunen

1.1 I kva grad trivst du i nærmiljøet ditt?

Vel eitt svar

- ◯ I stor grad
- ◯ I nokon grad
- ◯ I liten grad
- ◯ Ikkje i det heile tatt

Nærmiljøet, kommunen

Tenk på nærmiljøet ditt og kommunen din.

1.2 Korleis opplever du tilgjengelegheita til kulturtilbod?

Til dømes kino, bibliotek, kulturhus, konsertar og teater.

Tilgjengelegheita er:

Vel eitt svar

- ◯ Svært god
- ◯ God
- ◯ Verken god eller dårleg
- ◯ Dårleg
- ◯ Svært dårleg
- ◯ Veit ikkje

1.2a I løpet av det siste året, om lag kor ofte har du brukt kulturtilbodet der du bur?

Vel eitt svar

- ◯ Kvar veke
- ◯ Månadleg
- ◯ Kvartalsvis
- ◯ Sjeldnare
- ◯ Aldri
- ◯ Veit ikkje

1.3 Korleis opplever du tilgjengelegheita til idrettstilbod?

Til dømes idrettshall, svømmehall, treningssenter, ski-/lysløyper.

Tilgjengelegheita er:

Vel eitt svar

- ◯ Svært god
- ◯ God
- ◯ Verken god eller dårleg
- ◯ Dårleg
- ◯ Svært dårleg
- ◯ Veit ikkje

1.4 Korleis opplever du tilgjengelegheita til butikkar, serveringsstader og andre servicetilbod?

Tilgjengelegheita er:

Vel eitt svar

- ◯ Svært god
- ◯ God
- ◯ Verken god eller dårleg
- ◯ Dårleg
- ◯ Svært dårleg
- ◯ Veit ikkje

1.5 Korleis opplever du tilgjengelegheita til offentleg transport?

Tilgjengelegheita er:

Vel eitt svar

- ◯ Svært god
- ◯ God
- ◯ Verken god eller dårleg
- ◯ Dårleg
- ◯ Svært dårleg
- ◯ Veit ikkje

1.6 Korleis opplever du tilgjengelegheita til natur- og friluftsområde, inkludert parkar og andre grøntareal?

Tilgjengelegheita er:

Vel eitt svar

- ◯ Svært god
- ◯ God
- ◯ Verken god eller dårleg
- ◯ Dårleg
- ◯ Svært dårleg
- ◯ Veit ikkje

1.6a I løpet av det siste året, om lag kor ofte har du besøkt parkar, natur- eller friluftsområde?

Vel eitt svar

- ◯ Kvar veke
- ◯ Månadleg
- ◯ Kvartalsvis
- ◯ Sjeldnare
- ◯ Aldri
- ◯ Veit ikkje

1.7 Korleis opplever du tilgjengelegheita til kystlinje/strand eller sjø/innsjø der du bur?

Tilgjengelegheita er:

Vel eitt svar

- ◯ Svært god
- ◯ God
- ◯ Verken god eller dårleg
- ◯ Dårleg
- ◯ Svært dårleg
- ◯ Veit ikkje
- ◯ Bur ikkje i nærleiken av kystlinje/strand eller sjø/innsjø

1.8 Korleis opplever du at gang- og sykkelvegar er utbygde i nærområdet ditt?

Vel eitt svar

- ◯ Svært godt
- ◯ Godt
- ◯ Verken godt eller dårleg
- ◯ Dårleg
- ◯ Svært dårleg
- ◯ Veit ikkje

Deltaking i aktivitetar

1.9 Kor ofte deltar du i organisert aktivitet / frivillig arbeid?

Til dømes idrettslag, politiske lag, trussamfunn, kor eller liknande.

Vel eitt svar

- ◯ Dagleg
- ◯ Kvar veke
- ◯ 1–3 gonger per månad
- ◯ Sjeldnare
- ◯ Aldri

1.10 Kor ofte deltar du i annan aktivitet?

Med annan aktivitet meiner vi til dømes klubb, møter, treffe venner, eller trimturar med venner/kollegaer eller andre.

Vel eitt svar

- ◯ Dagleg
- ◯ Kvar veke
- ◯ 1–3 gonger per månad
- ◯ Sjeldnare
- ◯ Aldri

Helse

2.1.1 Korleis vurderer du alt i alt di eiga helse?

Vil du seie at ho er:

Vel eitt svar

- ◯ Svært god
- ◯ God
- ◯ Verken god eller dårleg
- ◯ Dårleg
- ◯ Svært dårleg

2.1.2 Korleis vurderer du tannhelsa di?

Vil du seie at ho er:

Vel eitt svar

- ◯ Svært god
- ◯ God
- ◯ Verken god eller dårleg
- ◯ Dårleg
- ◯ Svært dårleg

2.1.3 Når var du sist hos tannlege/tannpleiar?

Vel eitt svar

- ◯ 0–2 år sidan
- ◯ 3–5 år sidan
- ◯ Meir enn 5 år sidan

↳ Visast dersom du svarte «Meir enn 5 år sidan» på spørsmål 2.1.3

2.1.3a Kvifor er det meir enn 5 år sidan du var hos tannlege/tannpleiar?

Fleire svar mogleg.

Du kan velje fleire svar

- ☐ Økonomiske årsaker
- ☐ Redsle/frykt
- ☐ Problem med transport/reiseveg
- ☐ Andre årsaker

Kroppshøgd og vekt

2.2.1 Kor høg er du, utan sko?

Oppgi i cm.

Skriv eit tal frå 50 til 250

2.2.2 Kor mykje veg du, utan klede og sko?

Oppgi i heile kg.

(Viss du er gravid, oppgir du vekta du hadde før graviditet).

Skriv eit tal frå 25 til 500

Psykiske plager

2.3.1 I løpet av den siste veka, i kva grad har du vore plaga av nervøsitet eller indre uro?

Vel eitt svar

- ◯ Ikkje plaga
- ◯ Litt plaga
- ◯ Ganske mykje plaga
- ◯ Veldig mykje plaga

2.3.2 I løpet av den siste veka, i kva grad har du vore plaga av redsle eller kjent deg engsteleg?

Vel eitt svar

- ◯ Ikkje plaga
- ◯ Litt plaga
- ◯ Ganske mykje plaga
- ◯ Veldig mykje plaga

2.3.3 I løpet av den siste veka, i kva grad har du vore plaga av ei kjensle av håpløyse med tanke på framtida?

Vel eitt svar

- ◯ Ikkje plaga
- ◯ Litt plaga
- ◯ Ganske mykje plaga
- ◯ Veldig mykje plaga

2.3.4 I løpet av den siste veka, i kva grad har du vore plaga av nedtryktheit eller tungsinn?

Vel eitt svar

- ◯ Ikkje plaga
- ◯ Litt plaga
- ◯ Ganske mykje plaga
- ◯ Veldig mykje plaga

2.3.5 I løpet av den siste veka, i kva grad har du vore plaga av bekymring eller uro?

Vel eitt svar

- ◯ Ikkje plaga
- ◯ Litt plaga
- ◯ Ganske mykje plaga
- ◯ Veldig mykje plaga

Søvn

Følgande spørsmål om søvnen din gjeld korleis du vanlegvis har det no.

2.4.1 Kor ofte har du vanskeleg for å sovne om kvelden?

Vel eitt svar

- ◯ Aldri/sjeldan
- ◯ Av og til
- ◯ 1–2 gonger per veke
- ◯ Minst 3 gonger per veke

2.4.2 Kor ofte har du gjentekne oppvakningar om natta?

Vel eitt svar

- ◯ Aldri/sjeldan
- ◯ Av og til
- ◯ 1–2 gonger per veke
- ◯ Minst 3 gonger per veke

2.4.3 Kor ofte er du trøytt eller søvnig på dagtid?

Vel eitt svar

- ◯ Aldri/sjeldan
- ◯ Av og til
- ◯ 1–2 gonger per veke
- ◯ Minst 3 gonger per veke

2.4.4 Om du har søvnvanskar, kor lenge har dei vart?

Vel eitt svar

- ◯ Mindre enn 1 månad
- ◯ 1–2 månader
- ◯ 3–6 månader
- ◯ 7–12 månader
- ◯ Meir enn 1 år
- ◯ Eg har ikkje søvnvanskar

Langvarige helseproblem og funksjonsnedsetjingar

2.5.1 Har du nokon langvarige sjukdommar eller helseproblem?

Vi tenker også på sjukdommar eller problem som er sesongprega, eller som kjem og går. Vilkåret er at den/dei har vart, eller er venta å vare i **minst seks månader.**

Vel eitt svar

- ◯ Ja
- ◯ Nei

↳ Visast dersom du svarte «Ja» på spørsmål 2.5.1

2.5.1a Korleis påverkar desse sjukdommane eller helseproblema kvardagen din?

Vel eitt svar

- ◯ I stor grad
- ◯ I nokon grad
- ◯ I liten grad
- ◯ Ikkje i det heile tatt

2.5.2 Har du noka funksjonsnedsetjing eller har du plager som følge av skade?

Vi tenker også på plager som kjem og går.

Vel eitt svar

- ◯ Ja
- ◯ Nei

↳ Visast dersom du svarte «Ja» på spørsmål 2.5.2

2.5.2a Korleis påverkar funksjonsnedsetjinga (plagene) kvardagen din?

Vel eitt svar

- ◯ I stor grad
- ◯ I nokon grad
- ◯ I liten grad
- ◯ Ikkje i det heile tatt

Nakke- og korsryggsmerter

2.6.1 I løpet av dei siste 28 dagane (4 vekene), har du hatt smerter i korsryggen?

Vel eitt svar

- ◯ Ja
- ◯ Nei

↳ Visast dersom du svarte «Ja» på spørsmål 2.6.1

2.6.1a Kor mange av dei siste 28 dagane (4 vekene), har du hatt smerter i korsryggen?

Smerter delar av dagen tel som ein dag.

Vel eitt svar frå lista

1–5 dagar · 6–10 dagar · 11–15 dagar · 16–20 dagar · 21–27 dagar · Alle 28 dagar

↳ Visast dersom du svarte «Ja» på spørsmål 2.6.1

2.6.1b Kor mange av dei siste 28 dagane (4 vekene), har smertene i korsryggen ført til at du har måtta avgrense dei vanlege aktivitetane dine eller endre dei daglege rutinane dine?

Vel eitt svar frå lista

Ingen dagar · 1–5 dagar · 6–10 dagar · 11–15 dagar · 16–20 dagar · 21–27 dagar · Alle 28 dagar

2.6.2 Dei siste 28 dagane (4 vekene), har du hatt smerter i nakken?

Vel eitt svar

- ◯ Ja
- ◯ Nei

↳ Visast dersom du svarte «Ja» på spørsmål 2.6.2

2.6.2a Kor mange av dei siste 28 dagane (4 vekene), har du hatt smerter i nakken?

Smerter delar av dagen tel som ein dag.

Vel eitt svar frå lista

1–5 dagar · 6–10 dagar · 11–15 dagar · 16–20 dagar · 21–27 dagar · Alle 28 dagar

↳ Visast dersom du svarte «Ja» på spørsmål 2.6.2

2.6.2b Kor mange av dei siste 28 dagane (4 vekene), har smertene i nakken medført at du har måtta avgrense dei vanlege aktivitetane dine eller endre dei daglege rutinane dine?

Vel eitt svar frå lista

Ingen dagar · 1–5 dagar · 6–10 dagar · 11–15 dagar · 16–20 dagar · 21–27 dagar · Alle 28 dagar

Sosial støtte

3.1 Kor mange personar står deg så nær at du kan rekne med dei om du har store personlege problem?

Rekn også med næraste familie.

Vel eitt svar

- ◯ Ingen
- ◯ 1–2
- ◯ 3–5
- ◯ 6 eller fleire

3.2 Kor stor interesse viser andre for det du gjer?

Vil du seie at dei viser:

Vel eitt svar

- ◯ Stor interesse
- ◯ Noko interesse
- ◯ Verken stor eller lita interesse
- ◯ Lita interesse
- ◯ Inga interesse

3.3 Kor lett er det å få praktisk hjelp frå naboar om du skulle trenge det?

Er det:

Vel eitt svar

- ◯ Svært lett
- ◯ Lett
- ◯ Verken lett eller vanskeleg
- ◯ Vanskeleg
- ◯ Svært vanskeleg

Einsemd

3.4 Kor ofte føler du at du saknar nokon å vere saman med?

Vel eitt svar

- ◯ Aldri
- ◯ Sjeldan
- ◯ Av og til
- ◯ Ofte
- ◯ Svært ofte

3.5 Kor ofte føler du deg utanfor?

Vel eitt svar

- ◯ Aldri
- ◯ Sjeldan
- ◯ Av og til
- ◯ Ofte
- ◯ Svært ofte

3.6 Kor ofte føler du deg isolert frå andre?

Vel eitt svar

- ◯ Aldri
- ◯ Sjeldan
- ◯ Av og til
- ◯ Ofte
- ◯ Svært ofte

Fysisk aktivitet

4.1.1 Kor ofte trener eller mosjonerer du vanlegvis?

Med mosjon meiner vi at du til dømes går tur, går på ski, sym eller driv trening/idrett. Inkluder også eventuell mosjon/trening til/frå jobb. Ta eit gjennomsnitt.

Vel eitt svar

- ◯ Aldri
- ◯ Sjeldnare enn ein gong i veka
- ◯ Ein gong i veka
- ◯ 2–3 gonger i veka
- ◯ 4–5 gonger i veka
- ◯ Omtrent kvar dag

↳ Visast dersom du ikkje svarte «Aldri» på spørsmål 4.1.1

4.1.1a Kor hardt trener eller mosjonerer du?

Ta eit gjennomsnitt.

Vel eitt svar

- ◯ Tar det roleg utan å bli andpusten eller sveitt
- ◯ Tar det så hardt at eg blir andpusten og/eller sveitt
- ◯ Tar meg nesten heilt ut

↳ Visast dersom du ikkje svarte «Aldri» på spørsmål 4.1.1

4.1.1b Kor lenge held du på kvar gong?

Ta eit gjennomsnitt.

Vel eitt svar

- ◯ Mindre enn 15 minutt
- ◯ 15 minutt – 29 minutt
- ◯ 30 minutt – 1 time
- ◯ Meir enn 1 time

4.1.2 Nedanfor følger ei rekke grunnar til ikkje å trene eller mosjonere, eller ikkje å trene eller mosjonere så ofte som ein ønsker.

Set eitt eller fleire kryss for det som passar for deg.

Du kan velje fleire svar

- ☐ Eg har ikkje tid
- ☐ Eg trur ikkje eg får det til
- ☐ På grunn av skade/overbelastning
- ☐ På grunn av mi fysiske helse / funksjonsnedsetjing
- ☐ På grunn av mi psykiske helse
- ☐ Eg har ikkje råd
- ☐ Eg er redd for å bli skadd (til dømes falle eller forstue)
- ☐ Eg har problem med transport/reiseveg
- ☐ Eg har ingen å vere fysisk aktiv saman med
- ☐ Eg orkar ikkje
- ☐ Eg vil heller bruke tida mi på andre ting
- ☐ Det er mangel på tilbod innanfor mine interesseområde
- ☐ Det er vanskeleg å trene eller mosjonere i området der eg bur
- ☐ Andre grunnar
- ☐ Ikkje aktuelt, eg opplever ingen treningsbarrierar

4.1.3 Viss du er i lønt eller ulønt arbeid, korleis vil du beskrive arbeidet ditt?

Vel svaralternativet som passar best.

Vel eitt svar

- ○ For det meste stillesittande arbeid (t.d. skrivebordsarbeid, montering)
- ○ Arbeid som krev at du går mykje (t.d. ekspeditørarbeid, lett industriarbeid, undervisning)
- ○ Arbeid der du går og løfter mykje (t.d. pleiar, bygningsarbeidar)
- ○ Tungt kroppsarbeid
- ○ Er ikkje i lønt eller ulønt arbeid

4.1.4 I løpet av den siste veka, kor mange gonger har du gått eller sykla samanhengande i minst 10 minutt – som rekreasjon, trening eller for å kome til/frå ein stad?

Vel eitt svar

- ○ Fleire gonger dagleg
- ○ Omtrent ein gong per dag
- ○ 4–6 gonger
- ○ 1–3 gonger
- ○ Ingen gonger
- ○ Veit ikkje

Kosthald

4.2.1 Kor ofte drikk du vanlegvis sukkerhaldig brus/saft/leskedrikk (inkludert iste, energidrikk, sportsdrikk og nektar)?

Vel eitt svar

- ◯ Sjeldan/aldri
- ◯ 1–3 gonger per månad
- ◯ 1 gong per veke
- ◯ 2–3 gonger per veke
- ◯ 4–6 gonger per veke
- ◯ 1 gong per dag
- ◯ Fleire gonger per dag

4.2.2 Kor ofte et du vanlegvis frukt eller bær (rekn ikkje med jus eller fruktsaft)?

Vel eitt svar

- ◯ Sjeldan/aldri
- ◯ 1–3 gonger per månad
- ◯ 1 gong per veke
- ◯ 2–3 gonger per veke
- ◯ 4–6 gonger per veke
- ◯ 1 gong per dag
- ◯ Fleire gonger per dag

4.2.3 Kor ofte et du vanlegvis grønsaker (inkludert salat)? Rekn ikkje med poteter.

Vel eitt svar

- ◯ Sjeldan/aldri
- ◯ 1–3 gonger per månad
- ◯ 1 gong per veke
- ◯ 2–3 gonger per veke
- ◯ 4–6 gonger per veke
- ◯ 1 gong per dag
- ◯ Fleire gonger per dag

4.2.4 Kor ofte et du vanlegvis fisk (som pålegg, til lunsj eller middag)?

Vel eitt svar

- ◯ Sjeldan/aldri
- ◯ 1–3 gonger per månad
- ◯ 1 gong per veke
- ◯ 2–3 gonger per veke
- ◯ 4–6 gonger per veke
- ◯ 1 gong per dag
- ◯ Fleire gonger per dag

Tobakk

4.3.1 Hender det at du røykjer?

Dette inkluderer berre tobakkshaldige produkt, **ikkje e-sigarettar**.

Vel eitt svar

- ◯ Ja
- ◯ Nei

↳ Visast dersom du svarte «Ja» på spørsmål 4.3.1

4.3.1a Kor ofte røykjer du?

Vel eitt svar

- ◯ Dagleg
- ◯ Av og til

4.3.2 Hender det at du brukar snus?

Vel eitt svar

- ◯ Ja
- ◯ Nei

↳ Visast dersom du svarte «Ja» på spørsmål 4.3.2

4.3.2a Kor ofte brukar du snus?

Vel eitt svar

- ◯ Dagleg
- ◯ Av og til

Alkohol

4.4.1 Har du nokon gong drukke alkohol?

Vi tenker her på alle alkoholhaldige drikker, som øl, vin, brennevin, rusbrus med vidare.

Vel eitt svar

- ◯ Ja
- ◯ Nei

↳ Visast dersom du svarte «Ja» på spørsmål 4.4.1

4.4.1a Dei siste 12 månadene, kor ofte har du drukke alkohol?

Vel eitt svar

- ◯ Aldri
- ◯ Månadleg eller sjeldnare
- ◯ 2–4 gonger i månaden
- ◯ 2–3 gonger i veka
- ◯ 4 gonger i veka eller meir

↳ Visast dersom du svarte «Månadleg eller sjeldnare», «2–4 gonger i månaden», «2–3 gonger i veka» eller «4 gonger i veka eller meir» på spørsmål 4.4.1a

4.4.1b Kor mange alkoholeiningar tek du på ein "typisk" dag når du drikk alkohol?

Éi eining alkohol svarer til éi lita flaske øl, eitt glas vin eller éin drink.

Vel eitt svar

- ◯ 1–2
- ◯ 3–4
- ◯ 5–6
- ◯ 7–9
- ◯ 10 eller fleire

↳ Visast dersom du svarte «Månadleg eller sjeldnare», «2–4 gonger i månaden», «2–3 gonger i veka» eller «4 gonger i veka eller meir» på spørsmål 4.4.1a

4.4.1c Kor ofte drikk du seks alkoholeiningar eller meir ved eit og same høve?

Éi eining alkohol svarer til éi lita flaske øl, eitt glas vin eller éin drink.

Vel eitt svar

- ◯ Aldri
- ◯ Sjeldnare enn månadleg
- ◯ Månadleg
- ◯ Kvar veke
- ◯ Dagleg eller nesten dagleg

Andre rusmiddel

4.4.2 Har du nokon gong prøvd eller brukt narkotiske stoff som til dømes hasj/cannabis, amfetamin, kokain, crack, khat, ecstasy, LSD, GHB, heroin?

Vel eitt svar

- ◯ Ja
- ◯ Nei
- ◯ Ønsker ikkje å svare

↳ Visast dersom du svarte «Ja» på spørsmål 4.4.2

4.4.2a I løpet av dei siste 12 månadene, kor ofte har du brukt hasj, marihuana eller andre cannabisprodukt?

Vel eitt svar

- ◯ Ikkje brukt dei siste 12 månadene
- ◯ Sjeldnare enn månadleg
- ◯ Månadleg
- ◯ Kvar veke
- ◯ Dagleg eller nesten dagleg
- ◯ Ønsker ikkje å svare

↳ Visast dersom du svarte «Ja» på spørsmål 4.4.2

4.4.2b I løpet av dei siste 12 månadene, kor ofte har du brukt andre narkotiske stoff (som amfetamin, kokain, crack, khat, ecstasy, LSD, GHB og heroin)?

Vel eitt svar

- ◯ Ikkje brukt dei siste 12 månadene
- ◯ Sjeldnare enn månadleg
- ◯ Månadleg
- ◯ Kvar veke
- ◯ Dagleg eller nesten dagleg
- ◯ Ønsker ikkje å svare

4.4.3 I løpet av dei siste 12 månadene, kor ofte har du brukt reseptbelagde legemiddel i større dose / hyppigare enn det legen har anbefalt, eller brukt reseptbelagde legemiddel som ikkje var føreskrivne til deg?

Reseptbelagde legemiddel kan til dømes vere sovetablettar, roande / angstdempande medisin, kraftige smertestillande og medisin i behandling av ADHD.

Vel eitt svar

- ◯ Ikkje brukt dei siste 12 månadene
- ◯ Sjeldnare enn månadleg
- ◯ Månadleg
- ◯ Kvar veke
- ◯ Dagleg eller nesten dagleg
- ◯ Ønsker ikkje å svare

Livskvalitet

5.1.1 Alt i alt, kor fornøgd er du med livet ditt for tida?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Ikkje fornøgd i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Svært fornøgd

5.1.2 Kor fornøgd trur du at du vil vere med livet ditt fem år frå no?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Ikkje fornøgd i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Svært fornøgd

5.1.3 Alt i alt, i kva grad opplever du at det du gjer i livet er meiningsfylt?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Ikkje meiningsfylt i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Svært meiningsfylt

5.2.1 Tenk på korleis du har følt deg dei siste 7 dagane. I kva grad var du glad?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Ikkje glad i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Svært glad

5.2.2 Tenk på korleis du har følt deg dei siste 7 dagane. I kva grad var du bekymra?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Ikkje bekymra i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Svært bekymra

5.2.3 Tenk på korleis du har følt deg dei siste 7 dagane. I kva grad var du nedfor eller trist?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Ikkje nedfor eller trist i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Svært nedfor eller trist

5.2.4 Tenk på korleis du har følt deg dei siste 7 dagane. I kva grad var du irritert?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Ikkje irritert i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Svært irritert

5.2.5 Tenk på korleis du har følt deg dei siste 7 dagane. I kva grad var du einsam?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Ikkje einsam i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Svært einsam

5.2.6 Tenk på korleis du har følt deg dei siste 7 dagane. I kva grad var du engasjert?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Ikkje engasjert i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Svært engasjert

5.2.7 Tenk på korleis du har følt deg dei siste 7 dagane. I kva grad var du roleg og avslappa?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Ikkje roleg og avslappa i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Svært roleg og avslappa

5.2.8 Tenk på korleis du har følt deg dei siste 7 dagane. I kva grad var du engsteleg?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Ikkje engsteleg i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Svært engsteleg

5.2.9 Tenk på korleis du har følt deg dei siste 7 dagane. I kva grad var du takknemleg?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Ikkje takknemleg i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Svært takknemleg

5.2.10 Tenk på korleis du har følt deg dei siste 7 dagane. I kva grad var du lukkeleg?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Ikkje lukkeleg i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Svært lukkeleg

Sosiale relasjonar, deltaking og tilhøyrsel

Kor einig er du i påstandane nedanfor?

5.3.1 Dei sosiale relasjonane mine er støttande og givande.

Vel eitt svar

- ◯ 0: Heilt ueinig
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Heilt einig

5.3.2 Eg bidreg aktivt til andre si lukke og livskvalitet.

Vel eitt svar

- ◯ 0: Heilt ueinig
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Heilt einig

Sosiale relasjonar, deltaking og tilhøyrsel

5.3.3 Kor ofte er du saman med gode venner?

Rekn ikkje med medlemmer av din eigen familie.

Vel eitt svar

- ◯ Omtrent dagleg
- ◯ Omtrent kvar veke, men ikkje dagleg
- ◯ Omtrent kvar månad, men ikkje kvar veke
- ◯ Nokre gonger i året
- ◯ Sjeldnare enn kvart år
- ◯ Har ingen gode venner

5.4.1 Vil du stort sett seie at folk flest er til å stole på, eller at ein ikkje kan vere for forsiktig når ein har med andre å gjere?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Kan ikkje vere for forsiktig
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Folk flest er til å stole på

5.4.2 I kva grad føler du at du høyrer til på staden der du bur?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Føler ikkje tilhøyrsel i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Føler sterk grad av tilhøyrsel

5.4.3 Alt i alt, kor trygg føler du deg når du er ute og går i nærmiljøet?

Vel eitt svar

- ◯ 0: Ikkje trygg i det heile tatt
- ◯ 1
- ◯ 2
- ◯ 3
- ◯ 4
- ◯ 5
- ◯ 6
- ◯ 7
- ◯ 8
- ◯ 9
- ◯ 10: Svært trygg

Bakgrunnen din

6.1 Kva er di høgaste fullførte utdanning?

Vel eitt svar

- ◯ Grunnskule eller tilsvarande (t.d. framhaldsskule, folkehøgskule)
- ◯ Vidaregåande skule eller tilsvarande (t.d. yrkesskule, gymnas)
- ◯ Fagskule
- ◯ Høgskule/universitet, årsstudium eller tilsvarande (mindre enn 2 år)
- ◯ Høgskule/universitet, bachelorgrad, cand.mag. eller tilsvarande (2–4 år)
- ◯ Høgskule/universitet, mastergrad, hovudfag eller tilsvarande (meir enn 4 år)
- ◯ Inga fullført utdanning

6.2 Dersom du bur åleine, tenk på den samla inntekta di. Dersom du bur saman med andre, tenk på den samla inntekta til alle i hushaldet. Kor lett eller vanskeleg er det for deg/dykk å få pengane til å strekke til i det daglege, med denne inntekta?

Vel eitt svar

- ○ Svært vanskeleg
- ○ Vanskeleg
- ○ Forholdsvis vanskeleg
- ○ Forholdsvis lett
- ○ Lett
- ○ Svært lett
- ○ Veit ikkje

6.3 Kva arbeids- eller livssituasjon er du i?

Fleire svar mogleg.

Du kan velje fleire svar

- ☐ Yrkesaktiv heiltid (32 timar eller meir per veke)
- ☐ Yrkesaktiv deltid (mindre enn 32 timar per veke)
- ☐ Sjølvstendig næringsdrivande
- ☐ Sjukmeld
- ☐ Arbeidsledig
- ☐ Uføretrygda/mottek arbeidsavklaringspengar
- ☐ Mottek sosialstønad
- ☐ Alders- eller førtidspensjonist
- ☐ Skuleelev eller student
- ☐ Vernepliktig, sivilarbeidar
- ☐ Heimearbeidande

6.4 Er du gift, sambuar, einsleg eller har du kjærast?

Fleire svar mogleg.

Du kan velje fleire svar

- ☐ Gift / registrert partnar
- ☐ Sambuande
- ☐ Har kjærast (som du ikkje bur saman med)
- ☐ Einsleg
- ☐ Enke/enkemann

6.5 Kor mange personar bur det i husstanden din?

Rekn med deg sjølv.

Vel eitt svar frå lista

1 · 2 · 3 · 4 · 5 eller fleire

6.6 Kor mange barn under 18 år har du omsorg/ansvar for?

Vel eitt svar frå lista

0 · 1 · 2 · 3 · 4 · 5 eller fleire

↳ Visast dersom du svarte «1», «2», «3», «4» eller «5 eller fleire» på spørsmål 6.6

6.6a Kryss av for kva aldersgruppe(r) ditt/dine barn tilhøyrer?

Fleire svar mogleg.

Du kan velje fleire svar

- ☐ Før barnehagealder
- ☐ Barnehagealder
- ☐ Barneskulealder (1.–4. trinn)
- ☐ Barneskulealder (5.–7. trinn)
- ☐ Ungdomsskulealder (8.–10. trinn)
- ☐ Vidaregåande skulealder

6.7 Eig eller leiger du bustaden din?

Vel eitt svar

- ○ Eg eig bustaden min
- ○ Eg leiger bustaden min
- ○ Eg bur gratis hos familie eller venner

6.8 Kor lenge har du budd på staden der du bur no?

Vel eitt svar

- ○ Under eitt år
- ○ 1–2 år
- ○ 3–5 år
- ○ 6–10 år
- ○ Meir enn 10 år

Bakgrunnen din

6.9 Er du, eller minst éin av foreldra dine, fødd utanfor Noreg?

Vel eitt svar

- ○ Ja
- ○ Nei

↳ Visast dersom du svarte «Ja» på spørsmål 6.9

6.9a Kva region er du fødd i?

Vel eitt svar frå lista

Noreg · Norden utanom Noreg · Europa utanom Norden · Nord-Afrika · Subsaharisk Afrika · Vest-Asia · Asia utanom Vest-Asia · Nord-Amerika · Latin-Amerika og Karibia · Australia og New Zealand · Oseania utanom Australia og New Zealand · Anna

↳ Visast dersom du svarte «Norden utanom Noreg» på spørsmål 6.9a

6.9a_1 Kva land eller territorium er du fødd i?

Vel eitt svar frå lista

Danmark · Finland · Færøyane · Grønland · Island · Sverige

↳ Visast dersom du svarte «Europa utanom Norden» på spørsmål 6.9a

6.9a_2 Kva land eller territorium er du fødd i?

Vel eitt svar frå lista

